



Elevbedrifta «Vestlandschips»



Lærdal - den grønne kommunen

Initiativ, skaparLyst, Kreativitet!

Velkomen til
entreprenørskapsmesse
i Lærdal 7. mai 2014



SOGN REGIONRÅD

LÆRDAL
næringsutvikling

**UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP**



Du ER sjef over eiga framtid!

Oppskrifta på suksess er å vilje noko, og deretter gå for det du trur på. Kva interesser har du? Kva draumar har du for framtida? Kva yrke skal du velge for å få draumane realisert i Sogn?

Entreprenørskap i skulen handlar om kreativitet og nytenking. Det handlar om å sjå verdien av alle faga på skulen og bruke dei på spanande måtar. Entreprenørskap er samarbeid og samspel mellom mange, og ikkje minst trua på eigne mål og krefter. Grip sjansane som byr seg! Det er du som er sjef over eiga framtid, og entreprenørskap i skulen skal hjelpe deg med valet.

På entreprenørskapsmessa i Lærdal vil du møte elevbedrifter frå 9. klassar i Sogn. Du får besøke ei av mange spennande bedrifter på Lærdalsøyri. Kva gjer bedriftene? Kva skal til for at du kan jobbe der i framtida? Lærdal er ein spennande næringskommune som for tida jobbar med over 30 utviklingsprosjekt.

Og føredragshaldaren? Det er Helge Evensen Bjørkum. Han byrja med entreprenørskap i skulen og vart dagleg leiar som 17-åring, bedriftseigar som 18-åring og styreformann som 19-åring. I dag (20 år) er han traineé i Norwegian.

Program

- 09.00 - 11.00** Rigging av elevbedriftene
- 11.00 - 11.30** Opningsarrangement
- 11.45 - 14.15** Besøk på stand, foredrag og besøk til lokale verksemder
- 14.20 - 14.50** Avslutningsarrangement

10. klasse vil selge kaker, pizzabollar og pølse i brød.

Premiering i tre kategorier

• Nyskaping og kreativitet • Formidling og kommunikasjon • Miljø og berekraft

Premie: Festivalpass på Jordeplerock 27. - 29. juni 2014



Ingebjörg Myklebust Øren skal spele piano under messa.



SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for ni kommunar i Sogn: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi arbeider for å styrka grunnlaget for busetnad og næringsliv i Sogn, mellom anna gjennom entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane. Messa i Lærdal er sjette gongen regionrådet arrangerer entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i Sogn.

Samarbeidspartnarar:



LÆRDAL
ENERGI



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank



LÆRDAL
næringsutvikling